



# KYRKJEBLAD FOR ÅL PRESTEGJELD

NR. 3 - MAI 2012 - 53. ÅRGANG

## Innhald

Besøk fra Tanzania .....	2
Andakt.....	3
Ragnhild Jepsen kjem til Ål .....	3
Kyrkjestugu skal byggast om .....	4
Fasteaksjon .....	5
Vats bedehus .....	6
Lyd, lerret og projektor .....	6
Vi går i kyrkja .....	7
Tårnagenthelg .....	8



«Eg vil gjera deg til eit ljøs for  
folkeslag, så mi frelse kan nå  
til heimsens ende.»

Jes. 49. 6

FOTO: THORGEIR RØER



## Raus gåve til Torpo kyrkje

Lydanlegget i Torpo kyrkje har ikkje vore heilt i form dei siste åra. Det har ofte gjeve generande ulyd eller mangel på lyd, for låg eller høg lyd, alt etter som. Og fordi lydanlegget var montert framme i koret ved ”klokkarstolen”, og måtte styrast derfrå, hadde soknerådet eit ynskje om å finne ei løysing på

dette. Men det var desse pengadn då, veit du. Det var difor med dobbel glede at kyrkjelyden sist sumar mottok ei raus gåve. Den var dels øyremerkkt lydanlegg. Og med ei finansiering på plass så kunne me endeleg få ei god løysing på lyden i kyrkja. Stor takk til den annonyme gjevaren!

framhald på side 6



## Bevisste valg

”Livet vil oss noe” heter ei bok av prest og forfatter Per Arne Dahl. Fant den akkurat i min bokhylle. Selve boka har jeg ikke lest, bare tittelen. Men selv disse fire korte ordene kan gi stoff til refleksjoner for flere dager. Ofte kan det være lurt å ikke gape over for mye på en gang, så resten av boka får komme senere.

Livet vil oss noe. Det betyr at hver enkelt dag vil oss noe. Noen mennesker prioriterer jobbkarriere. Da kan arbeidsdagene lett bli lange og fridagene få. Samtidig vil gleden over oppgaver og fremskritt gjøre innsatsen verdt sin pris. Andre velger familiær karriere. Prioriterer hjemmets sfære. Det å være til stede for ektefelle, barn og foreldre settes foran det meste. Tid sammen med familie blir verdt sin vekt i gull. Samtidig finnes det mennesker som prioriterer en sosial karriere. Man blir ikke mett av å omgås gamle venner, eller av det å få nye. Dette vennskapet gir energi i øyeblikket og gode minner for all fremtid.

Valget av livsstil er helt og fullt opp til den enkelte. Sosial, familiær eller jobb. For de fleste inneholder livet imidlertid elementer fra alle de nevnte, men ikke alle tre fullt ut. Prioritere både jobb, familie og sosialt engasjement på en gang vil være å gape over for mye. Døgnet har bare 24 timer.

En gruppe voksne ble spurt om hva de angret på i livet. Overraskende mange svarte at de syntes de hadde jobbet for mye. Dette nevnt, ikke som et tomme ned for de som prioriterer jobb, men som et tommelen opp for det å vite hva man velger når man velger det. Det handler om å være seg bevisst vår bruk av vårt begrensede antall dager. Livet vil oss noe. Å leve er å velge. Alle beslutninger vi tar er med på å peke ut retning, enten valgene er kompliserte eller enkle. Også Gud vil oss noe. Valgene må vi i alle tilfelle ta selv, men en bønn til Gud i forkant av en beslutning kan være en god investering. Ikke dermed sagt at selve valget blir lettere, men den forutgående bønningen kan gjøre valgets utfall lettere å leve med, enten det gikk vår vei eller ikke.

*Arne Jensen  
Prostiprest*

## FADDERTIPS

Så blomestrø i ei potte saman med fadderbarnet, sjå at dei spirer og gror, utfrå dette kan du fortelja om åndeleg liv og vekst.



*Bokhandel i Tanzania*

## Besøk fra Tanzania

*Margunn og Kristoffer Krohn Sævre med lille Neema har Norgesferie i sommer, og det første de gjør i Norge er å besøke oss i Ål.*

St.Hansaften (23.6) blir de med på familiegudstjenesten i Torpo stavkyrkje og søndag 24.6 deltar de i gudstjenesten i Ål kyrkje. De vil selvsagt gi oss noen glimt i fra liv og tjeneste i Tanzania.

For 2 år siden hadde vi misjonærinnvielse i Ål kyrkje. Margunn og Kristoffer Krohn Sævre er våre utsendinger i Tanzania. Misjonsprosjektet vårt denne 2-årsperioden (2011-12), bladet «Riziki», er

en sentral arbeidsoppgave for både Margunn og Kristoffer i et større litteraturarbeid som de er en del av sammen med lokale medarbeidere. De har en krevende hverdag. Det kan du lese mer om på [www.aal.kyrkja.no](http://www.aal.kyrkja.no). Be for Neema, Margunn og Kristoffer og møt dem i Torpo stavkyrkje og i Ål kyrkje St.Hanshelga.

*Frank Vorhaug*

*Fra misjonærinnvielsen i Ål kyrkje*





# Og Guds Ande svevde over Vatsfjorden?

ANDAKT AV INGVARD SOLBERG

På 60-talet svarte ein realskuleelev på stiloppgåva FRAMTIDA MI med fylgjande setning og leverte stilen: «Jorden var øde og tom og atomsoppen svevet over vannene.»

Han fikk toppkarakter for innhald og stryk for manglande lengde, men ga svært presist og elegant uttrykk for korleis ungdom tenkte på 60-talet. Om Guds Ande i fortida svevde eller ein atomsopp i framtida vil sveve over vannene eller Vatsfjorden så ynskjer eg å lande det svevande. Atomnedrustninga har lukkast, men kor er Guds Ande frå 1. mosebok blitt av?



av eldtunger over folkemengda og disiplane. Dei vart fylte av Den Heilage Ande og alt vart endra. I Ap.gj. les me om korleis bodskapen om ein levande frelsar spreidde seg frå land til land. Evangeliet nådde etter kvart fram til Ål i Hallingdal.

Eg trur på Den Heilage Ande. Eg trur at min Far gjennom sin Ande trøystar meg, opplyser meg og gjev meg råd gjennom sitt ord, overbeviser om synd, styrker meg og oppmuntrar meg. Eg trur kort og greitt at Gud er nærverande gjennom sin Heilage Ande i mitt liv.

Guds Ande svever ikkje lenger over Vatsfjorden, men har mellom anna landa i søre og nordre Vats og etter kvart litt lenger sør i Gunnarhaugvegen 1. Ikkje som ei eldtunge, men i dåpen og trua.

Korleis er det med adressa du bur på?

Tredje trusartikkel startar med fylgjande: «Eg trur på den Heilage Ande...». Me vedkjennest dette til kvar messe me er tilstades. Det er snart pinse og me skal minnast Jesu ord: « De skal få kraft når Den Heilage Ande kjem over Dykk.» Dette var bodskapen til ein redd, hjelpelaus og rådvill disippelflokk. Framtida var usikker, men pinsedagen svevde Guds Ande ned og kort og greitt landa i form

## Sykkel

Snøggaste måten å ta seg fram på Sundre er med sykkel!

Kyrkjekontoret hadde ein gammal brukt ein til alle slags ærend, men den har takka for seg.

No treng me ein «ny» brukt ein, dame eller kombi. Har du ein du vil bli kvitt som det går an å sykle på? **Ring 32086161!**

## Vatning på Leveld kyrjegard sumaren 2012

I juni, juli og august vert det, ved behov, vatna på alle graver på kyrjegarden i Leveld.

Det er bygdekvinnelaga i Votndalen og Leveld som gjer dette.

Ordninga er basert på friviljug betaling. Synes du dette er eit bra tiltak og vil betala for det, so kan du betala inn eit beløp på **bankknt.nr. 2320 2060439**

-BF

## Ragnhild Jepsen kjem til Ål

Ragnhild Jepsen domprost i Nidaros, kjem til Ål og gjer teneste i folkemusikk gudstenesta i Ål kyrkje 1. pinsedag, 27. mai kl. 11.00.

**Vel møtt!**

## Etter gode erfaringar frå tidlegare år blir det igjen

**«Kyrkjesundagar for eldre» 3. juni i Ål og 17. juni i Torpo og Leveld kl 11.00**

Me trur mange eldre, også dei som bur på Ål bu- og behandlingssenter og i omsorgsbustadane, kan ha glede av å oppleve gudsteneste i si eiga kyrkje.

Me tenkjer ofte at når dei eldre ikkje lenger kan kome til kyrkje, skal kyrkja kome til dei. Difor har me jamleg gudsteneste på Kårstugu og andaktar på Helsetunet. Men det er noko med å kome inn i kyrkjerommet og oppleve ei gudsteneste der. Me vil legge særskilt til rette for at alle som vil kan få høve til å delta på denne gudstenesta. 3. juni går Helsetunbussen frå Ål bu- og behandlingssenter og me ordnar òg med skyss til Torpo og Leveld. Om du har rullestol eller rullator, så skal du få den hjelp du treng, for her stiller både diakonikontaktar og andre opp som medhjelparar.

Dersom veret tillet blir det kyrkjekaffi på kyrkjebakken. Då ynskjer me vel møtt til Kyrkjesundag for eldre og alle andre.

*Diakoninemndene i Ål, Torpo og Leveld*

# Kyrkjestugu skal byggast om

Kyrkjestugu på Ål er eit hus som blir nytta både dagar og kveldar mange gonger i veka. Her er eldre-treff, konfirmanttimar, korøvingar og møte. Frå tid til annan blir det også gjennomført gravferder frå kyrkjestugu.


Den omfattande bruken har ført til at huset er svært nedslitt, og treng oppussing. Mellom anna berre kaldt vatn på toaletta samt dårlege gardero-betilhøve gjer at bygget ropar på utbetring.

Fellesrådet trengte 1,3 millionar kroner for å få gjort naudsynt arbeid som utbetring av kjøkken, betre garderobe og nytt handicaptoalett.

I det såkalla «kyrkjeforliket» som kom frå stortinget i 2008 kom det sterke føringar om at kommunane etterkvart måtte få livsynsnøytrale rom som kunne nyttast til gravferd og vigsel. Det er forventningar om at kommunane legg til rette for dette, og det vil truleg bli lovpålagt.

Ål kommune fekk difor to alternativ til oppussing av kyrkjestugu. Det eine alternativet var oppussing av noverande bygg, medan det andre alternativet innebar ombygging slik at lokalet kunne brukast som livsynsnøytralt rom. Det ville i tilfelle koma på 2 millionar kroner. Kyrkjestugu er også tidlegare brukt som gravkapell, men har gjenne gjennom ein del endringar sidan bygget var nytt i 1945.

Ål kommunestyre valde å bygge om kyrkjestugu til livsynsnøytralt rom, og såleis vera i forkant av dette pålegget frå staten. Kyrkja er i dialog med andre trus- og livsynssamfunn om saka. Fellesrådet står som utbyggjar, og reknar med å koma i gang med arbeidet i slutten av mai.



Det blir eit nytt kjøkken mot vest, og salen blir opna opp mot det noverande kjøkkenet. Trappa i gangen blir flytta, og erstatta med ei vindeltrapp inne. Toaletta i gangen blir slege saman, og erstatta med eit handicaptoalett. Alle glas blir bytta ut, og bygget blir isolert og kledd på nytt utvendig. Mellom noverande møterom og det nye kjøkkenet blir det sett opp ein faldevegg.

*Alle aktivitetar som vanlegvis går føre seg i kyrkjestugu blir flytta til prestegardslåven heile hausten 2012. Frå nyttår vonar me at kyrkjestugu er klar for innflytting att.*



## På gamle trakter ...

Ål kyrkjeakademi hadde nyleg besøk av Erling Nydal. Han budde på Torpo saman med familien sin i åra frå 2000 – 04 og var då prest her i Ål. Mange fann vegen til Nesch-museet denne fredagskvelden, både for å høyre foredraget hans om kommunikasjon: «Mellom orda lever vi», men óg for å helse på han att og få ein prat. Og Erling kom ikkje åleine, han hadde med seg eldste sonen, Iver, som no går i ungdomsskulen i Førde og som hadde lært seg å spela fløyte. Vakkert var det å høyre han på fløyta.

Erling er for tida høgskulelektor i Førde og underviser helsefagstudentar m.a. i etiske fag. Men han held framleis døra på gløtt for presteyrket og kan godt tenkje seg ein kvardag i kyrkja att i framtida.

Det er lett å fylgje med når Erling har ordet. Han kommuniserer med heile

seg, går litt fram og attende, brukar humor og ler ofte og han har folk med seg, dei responderer tydeleg på det han seier. Slik sett er det å høyre han ein leksjon i seg sjølv når det gjeld det aktuelle temaet. For kommunikasjon er så mykje meir enn ord, det er blikk, rørsler, toneleie, tidsbruk ...

Alle kommuniserer vi anten vi vil eller ikkje, på ulike vis, og då gjeld det å kommunisere slik at folk kjenner seg vel, at dei kjenner seg trygge i vårt nærvær og at folk kjenner at dei er viktige, at det dei tenkjer og gjer betyr noko. Å vera venleg mot folk er ikkje berre god folkeskikk, det er beint fram ein måte å opne opp for ein god samtale.

Erling avslutta foredraget sitt med å sitere Mark Twain: «Vennlighet er det språket døve kan høre og blinde kan se».

-mrf-



Birger Bolstad og Erling Nydal



## Takk til alle som støtta årets Fasteaksjon

27. mars gjekk årets Fasteaksjon av stabelen. I år klarte me å dekke så å seie alle rodane i heile Ål kommune. Konfirmantane stilte trufast opp, men i år var det og mange vaksne som tok seg ein spasertur med lilla bøsse i handa.

Sjølv om mange av dei som me ringjer på dørene til, beklagar seg fordi dei ikkje har særleg kontantar liggjande, så blir det pengar ut av denne aksjonen likevel.

I Ål kom det inn kr. 45 611,50, i Torpo kr.11 422,00 og i Leveld/ Vats kr. 10 840,50, altså til saman kr 67 874.

Kirkens Nødhjelp sette i år fokus på urettvis fattigdom. Pengane går til starthjelp og støtte til menneske over heile verda. I tillegg meiner Kirkens Nødhjelp at vi må stå saman for å fjerne grunnleggjande årsaker til fattigdom og urett. Alle menneske har rett til å ha eit levebrød slik at ein kan klare seg på eigen arbeidsinnsats. 200 kroner er nok til planter og frø som gjev næringsrike grønsaker til ein familie i Guatemala. 400 kroner er nok til å sikre eit hus i Bangladesh mot flaum.

Takk til alle som gav tid og pengar til Fasteaksjonen. Gjennom dette kunne me gjere draum til verkelegheit i nokon sitt liv. Vil du vite meir, gå inn på <http://engasjert.kirkensnodhjelp.no>.



Diakoninemndene i Ål, Torpo og Nordbygdene.

Bente Sletten



# Vats bedehus

*Her kjem ei lita helsing frå den yttarste utkant. Staden ligg nord - vest for Sundre og heiter Vats.*

Frå sentrum og heim til meg er det 25 km og etter at døra vart stengt på Samhald, er dette og avstanden til næraste matbutikk. Men ikkje missforstå. Me svelt ikkje og vil nok ikkje forlate Vats før det vert tvingande naudsynt.

No vil eg fortelje litt om korleis me har det på Vats Bedehus:

Me er ei lita forening under Normisjon som har - ja kall det gjerne "gamlemeldage" møte. Men i staden for heile møteveker som var vanleg for ei tid sidan,



begrensar me det til torsdag, fredag og laurdag. Me prøver å ha to slike bolkar i vårhalvåret og to om hausten pluss nokre enkelt møte, 17-mai-fest og juletre-fest. Og folk møter opp! Og me får kjenne at "Gud er på tronen ennu"

Me er så heldige å ha eit flott og godt vedlikehalde bedehus, så det er moro å lage til samlingar. Me har gjerne kveldsmat på desse torsdagskveldane og smørbrød på formiddagen laurdag. Huset vert også leigd ut til bursdagar, barnedåp, 4-H og til og med bryllaup.

Men det er sjølvstekt forkyninga av Guds ord som er det viktigaste og her er det fleire villige som hjelper til. Frank Vorhaug og Arne Jensen har hatt kvar sin bolk i 2011 og så nyt me godt av "heimtil-Vats-trongen" til Leif Kaslegard. Då fylgjer Sigrun med og trakterer pianoet. Gunnvor Kreken og andre frå Normisjon deltek. Veka etter påske hadde Frank tre møter att. Eg vil påstå at me har gode, oppbyggelege møte i lune og opne omgivelser. Dørstokken er overkomeleg og takhøgda er mykje høgare på bedehuset enn mange synest å tru. Me får stadig høyre at det er "så triveleg å komme inn her. Det



er så god atmosfære". Rett ofte kjem det folk frå Sundre, ja heilt frå Kvinnegardslia trossar dei avstandar og ruskevær. Og dei gongene me må dekke eit ekstra bord, ja då vert vi veldig glade og inspirerte til å halde fram med arbeidet. Kan hende er det smått og vi kan sukke og klage, men det kjem ikkje frå Gud " for Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus, men ei ånd som gjev kraft og kjærleik og visdom" 2.Tim.1.7

Juletreffesten i romjula har me arrangert i lag med Frelsesarmeen dei siste åra. Då tek me i bruk den gamle, flotte storesalen.

Og kom ikkje og fortel meg at "alt var så mykje betre før". Når det er tre fulle ringar rundt juletreet av julepynta, strålende ungar, mor og far, fastbuande ålingar og tilreisande, ja då stig takken opp frå taket i bedehuskjøkkenet.

*Helsing frå Vårvon.  
Inger Elise Kaslegard*

## Lyd, lerret og projektor ...

*framhald frå side 1*

Det nye lydanlegget i Torpo kyrkje kom på plass i vinter. Brye vart kontakta og nytt anlegg planlagt. No kunne styringa plasserast bak/på galleriet som i Leveld og på Ål. I høve Bøneveka i Ål venta me mykje folk til messa på Torpo og det var svært ynskjeleg å få det nye anlegget på plass til då. Etter nokre lange kveldar like før, og ein hektisk innsjutt søndag morgon til "5 på" var alt klart til bruk og me fekk ei flott messe! Det førre anlegget har me hatt i ein mannsalder snart, dette nye held kanskje like lenge?

Dei store pengane, til det viktigaste, som personell, vedlikehald og vanleg drift av kyrkjelivet, får kyrkjelyden frå stat/bispedøme og kommune. Men ynskjer me litt meir, litt ekstra, til utstyr, til dekorasjonar eller til aktivitetar og musikkrefter, så er

me avhengige av gåver. Anten som tenester, gjenstandar eller pengar.

Gjennom åra har soknet fått gode penge-gåver, nokre mindre og nokre store. Desse er sett på ein eigen bankkonto, som me kallar "Utsmykningsfondet". Dette har vorte brukt til salmebøker, dukar, messehaklar osv, ja til og med kjøleskåp. Ved å bruke litt om gongen så kan me bruke dette over tid til det me ynskjer mest.

I nokre år har soknerådet hatt ynskje om projektor og lerret, montert og klart til bruk ved gudstenester. Der kunne det visast salmetekstar, informasjon om misjonsprosjekt, og mykje anna. I fjor gjorde soknerådet vedtak om å bruke av fondet for å finansiere dette, og seinhaus-

tes vart det montert. Og som presten vår seier, no kan me stå med lyfta hovud under salmesongen, i staden for at alle stirer ned og blenda presten med alt "måneskinet". Kyrkja er jo bygd i ei anna tid og ikkje tilpassa ny teknologi og andre fornyingar. Derfor valde me ei plassering på den øvre veggen og lerretet over måleriet. Då er det stort sett berre søylene som kan hindre sikten.

Mykje av arbeidet i kyrkja er gåvetenester, dugnad, gratisarbeid. Eksempelvis kyrkjekaffi, song og musikk, kyrkjegardsdugnad, nemndarbeid osv. Desse tenestene er svært viktige for det sosiale, miljøet, og for kjenslene og opplevinga av dei kyrkjelege handlingane. For "fargelegginga" av eit samvære.

Desse gåvene og tenestene er me i dag heilt avhengige av og svært glade og takksame for!

*OM.*





REDAKSJONSKOMITE:  
Magny Reinton Folkedal  
Borghild Ulshagen  
Arne Jensen

Bankgiro: 2320.20.70272

ADRESSE:  
Postboks 140, 3571 Ål

UTGJEVAR:  
Sokneråda i Ål, Torpo og Leveld

GRAFISK PRODUKSJON:  
**Kreator Kommunikasjon AS**  
3570 Ål • Telefon 3208 2560

## ÅL PRESTEGJELD

KYRKJEKONTORET  
Ope måndag-fredag kl 9–14.

Telefon: 3208 6161

FAMILIEVERNKONTORET  
Telefon: 3208 1175

**Prost:** Vigdis M. Storhaug  
**Sokneprest:** Frank Vorhaug  
**Rådgj./prest:** Arne Lie  
**Prostiprest:** Arne Jensen  
**Kantor:** Audun Flaen  
**Organist:** Kåre Sørum  
**Kyrkjevevjerje:** Kjellfred Dekko  
**Sekretærar:** Magny R. Folkedal  
Guro Stave  
**Diakon:** Bente K. Sletten  
**Kyrkjetenarar:** Per Hermann  
Kolsrud  
Nils Medgard  
Håkon Tveito  
**Kyrkjelydsped.** Johanne Marie  
Jordet  
**Familiearbeidarar:**  
Liv Solberg  
Heidi Langedagard  
Børge Bekkestad

### SOKNERÅDSLEIARAR:

**Ål:** Terje Nordal  
**Torpo:** Anne Torild Grødum  
**Leveld:** Ingvard Solberg

FELLESRÅDSLEIAR: Ingvard Solberg

## VI GÅR I KYRKJA

**27.05.12 Pinsedag**  
Torpo stavkyrkje 18.00  
Torpo kyrkje 10.00  
Olsokgudsteneste  
Høgtidsgudsteneste  
Ål kyrkje 11.00  
Høgtidsgudsteneste  
Leveld kyrkje 12.00  
Høgtidsgudsteneste

**03.06.12 Treeiningssundag**  
Torpo kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**10.06.12 2. s. i tree.tida**  
Kyrkjeparken, Ål 11.00  
Familiegudsteneste

**17.06.12 3. s. i tree.tida**  
Leveld kyrkje 11.00  
Gudsteneste  
Torpo kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**23.06.12 Laurdag**  
Torpo stavkyrkje 17.00  
Familiegudsteneste

**24.06.12 4. s. i tree.tida**  
Ål kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**01.07.12 5. s. i tree.tida**  
Leveld kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**08.07.12 Aposteldagen**  
Torpo kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**15.07.12 7. s. i tree.tida**  
Ål kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**22.07.12 8. s. i tree.tida**  
Leveld kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**29.07.12 9. s. i tree.tida**  
Nystølskyrkja 12.00  
Olsokgudsteneste

Torpo stavkyrkje 18.00  
Olsokgudsteneste

**05.08.12 10. s. i tree.tida**  
Vats Fjellkyrkje 11.00

Sportsandakt  
Ål kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**12.08.12 11. s. i tree.tida**  
Torpe kyrkje 11.00  
Gudsteneste

Sangefjell naturkatedral 13.00  
Friluftsmesse

**19.08.12 12. s. i tree.tida**  
Vats Fjellkyrkje 11.00

Sportsandakt  
Ål kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**26.08.12 13. s. i tree.tida**  
Leveld kyrkje 11.00  
Gudsteneste

Torpo kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**02.09.12 Vingardssundag**  
Vats Fjellkyrkje 11.00

Sportsandakt  
Ål kyrkje 11.00  
Gudsteneste

**09.09.12 15. s. i tree.tida**  
Torpo kyrkje 11.00

Familiegudsteneste  
Ål kyrkje 19.00  
Kveldgudsteneste

**16.09.12 16. s. i tree.tida**  
Leveld kyrkje 11.00

Familiegudsteneste



### Familievernkontoret

Samtaler – for par, familiar og enkeltpersonar  
Kommunikasjon • Konfliktløysing •  
Foreldrerettleiing med meir  
Tilbodet er gratis • Tlf 32 08 11 75



Kirkenes familievernkontor Hallingdal  
Torget 5, 3570 Ål • kf.hallingdal@bufetat.no

## DØYPTE

**Ål:**  
25.03. Mari Gunhildgard Tveito  
22.04. Loretta Kens  
22.04. Malin Sataslåtten  
22.04. Julie Sataslåtten

**Leveld:**  
19.02. Kristi Saue Helling

**Torpo:**  
08.04. Ida Sofie Adamczyk  
29.04. Embrik Berglund Flatland  
29.04. Bjørn Ove Sorteberglien  
Storedal  
29.04. Leon Andresen Moe  
29.04. Linnéa Andresen Moe

**Vats fjellkyrkje:**  
04.03. Isabella Norø Vissebråten  
01.04. Christine Fernandes Skrindo

**Herad:**  
09.04. Ingrid Mosserud Gladhus

**Hol:**  
15.04. Trym Elias Berg Sørensen

## DØDE

**Ål:**  
13.03. Guri Rønhovde f. 1918  
04.04. Kari Tordis Bergo f. 1925  
17.04. Asmund O. Myro f. 1953

**Torpo:**  
06.03. Rangdi Åsegård f. 1918  
15.04. Kristian Ødegård f. 1921  
25.04. Judith Ødegård f. 1923

**Leveld:**  
06.04. Knut Ådnegard f. 1917

Heimeside:  
[www.aal.kyrkja.no](http://www.aal.kyrkja.no)

E-postadresse:  
[aal.kyrkje@hallingnett.no](mailto:aal.kyrkje@hallingnett.no)

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut  
i september. Stoff til redaksjons-  
nemnda må leverast kyrkje-  
kontoret seinast  
**fredag 17. august.**



# Med lommelykt og forstørrelsesglass i Ål kyrkje



*Høyt opp i tårnet står en gjeng ivrige barn og tester lyden på kirkeklokkene. De aller modigste går bort til det åpne vinduet og kikker ned. Det iler i magene på hver og en som våger. Agenter og englevakter, politi og kirketårnbesøk. Tårnagent-helg er en del av kirkens satsingsområde gjennom trosopplæringen og foregår i hele landet samtidig.*

BORGHILD ULSHAGEN

Nærmere 25 ivrige 8- og 9-åringer hadde en strålende aktivitetshelg i Ål kyrkje. Her var det oppgaver for enhver smak, - jakt etter kirkeskatter, møte med en ekte politimann, finne spor, fotografere, pynte lys og selvsagt utforske kirketårnets hemmeligheter. Superagentene (hjelpederne) gjorde en glimrende jobb

med å hjelpe tårnagentene med agentoppgavene. Smilende englevakter (foreldre) sto for agentpølser, frukt og aktiviteter. Innimellom ble det tid til både bibelfortelling og å forberede tårn-agentgudstjenesten på søndag.

«Dette er kjempegøy», svarte en liten

gutt, i det han sprang videre til nye agentutfordringer.

Med stor suksess arrangerte Ål kyrkje Tårnagent-helg andre året på rad. En stor takk går til kirkens ansatte for innholdsrikt og spennende program. Noen har allerede begynt til å glede seg til neste års arrangement!

